



Referat frå SU 01.09.26

Tilstades:

Ingveig Nærland Ødegård, rektor

Kristian Hognestad, FAU leiar

Kjetil Hustoft, Politikar

Hanna Aase Undheim, tilsett

Ingrid Underhaug Nielsen, FAU

Oda Byberg, elevrådsleiar

Jens Garborg, elevrådet

Hannes Herikstad, elevrådet

Saker:

1) Konstituering av SU

Leiar Ingveig, sekretær Kristin. Rektor informerer om kva SU er. SU og SMU vert slått saman på Hognestad skule.

2) Datoar SU

Møtedatoar dette skuleåret blir tysdagar; 24.11.26, 09.02.27, 25.05.27 kl. 19.30-20.30

3) Trygt og godt skulemiljø

Rektor informerer om Opplæringslova §12-2 og §12-3. Alle har rett på eit trygt og godt skulemiljø. Skulen skal arbeida førebyggjande, ha nulltoleranse for mobbing og krenking.

Rektor informerer om «LLE» Laget rundt lærar og elev. Laget består av rektor, helsesjukepleiar, PPT-kontakt og SFO leiar, og har 2 møter i månaden.

4) Utviklingsplanen

Me fortsett og arbeida med elevane sin motivasjon for læring, samt at elevane skal oppleva at dei får ei tilbakemelding og vurdering av arbeidet. Me har òg fokus på at oppgåvene skal vera praktiske, relevante, utfordrande og varierte. Både elevrådet og FAU får uttala seg om utviklingsplanen. Det er òg stoppunkt undervegs og tiltak som vert måla og evaluerte.

5) Trafikksikker skule

- Hognestad skule har ein trafikksikringsplan, som vart evaluert og godkjent i møtet.
- Skulen har trafikkdag kvart år, dette året er den planlagt 02.10.26, der elevane går eller sykklar ei fast løype etter å ha arbeidd med trafikktryggleik i forkant. Me har nokre år fått besøk av politiet som sjekkar syklane til 5.-7. klasse og snakkar om trygg ferdsel i trafikken. FAU stiller med trafikkvakter, og serverer elevane pølse og saft etterpå.

- FAU informerer om at det er ulike kampanjer om trafikksikkerhet, mellom anna «Hjertesone» som byrjar etter haustferien. Der er skulen påmeld og skal registrere kor mange som går, sykklar eller sparkar til skulen. FAU ønsker å registrera dei som har refleksvest på. Alle klassane får premie i etterkant sponsa av FAU.
- Time kommune er sertifisert som trafikksikker kommune, og for å behalda denne skal Time kommune gjennom regodkjenning snart (Godkjenninga gjeld i tre år om gongen).

SU har tidlegare meldt inn fleire områder der ein er bekymra for trafikksikkerheiten;

* Krysset Herigstadvegen - Hognestadvegen (manglande gangfelt, samt uoversiktleg grunna vegetasjon).

* Ønske om punktbelysning i krysset Hognestadvegen - Grødemsvegen.

Dette vart meldt inn sist 25.11.25, men me har ikkje høyrte noko etterpå. Sidan neste SU er like i forkant av fristen for å melda inn til kommunen tek me opp att saka på ny i neste møte, for å sjå om me har høyrte noko meir frå kommunen i mellomtida.

6) Anna?

- Branntilsyn. I branntilsynet i vår vart det avdekka at det var nokre areal som ikkje var godkjente knytte til rømmingsvegar og at det ikkje var godkjent branncelle i biblioteket/mat og helse. Det er beslutta utbetring av desse ved å setja inn nytt vindu og dør, med rampe utvendig ned langs biblioteket. For å dekkja utgiftene vil ein blant anna nytta dei midla som var sett av til å mala skulen.

Referent

Kristin Sando